

Norsk Ornitologisk forening, Lokallaget i Surnadal/Halsa/Rindal.
v/Marita Sæter 6650 Surnadal

13.10.2015

Til NVE-konsesjonsavdelinga, 0301 Oslo (nve@nve.no)

**Fråsegn til revisjonsdokument for Svorka kraftverk i Surnadal kommune,
Møre og Romsdal**

Vi viser til dykkar brev datert 16.06. i år. Hermed følger vår høringsuttale om fugleliv.

NORDMARKA, SVORKA-MAGASINA.

Vi vil i første rekke peika på at Nordmarka er eit av fylkets viktigaste hekkeområde for storlom og smålom. Naturleg nok må også andre artar som lever i området, visast tilbørleg omsyn.

- **Manøvreringspraksis.**

Ettersom lomen plasserer reiret i vasskanten, er han mest sårbar for vasstandsendringar i rugetida (juni), da særleg heving av vasstanden lett øydelegg hekkinga. Dette bør ein difor unngå, så vi tilrår ein manøvreringspraksis som tek omsyn til at storlom hekkar regelmessig ved to av magasina. Det må og nemnast at begge lom-artane nyttar magasina for fiske, og dermed kan verta påverka av periodevis nedtapping. Sjølv om dette er negativt for fiskens næringstilgang, er vi ikkje overtydd om at forslag om utfisking kan kompensera på ein måte som kan kallast miljøforbetring. Viss resultatet t.d. vert større fisk, kan oppvekstvilkåra for lom tvertom verta dårlegare, fordi ungane er avhengig av småvaksen fisk, opptil 20 cm *.

- **Båttrafikk**


Særleg av omsyn til hekkande raudlista fugleart bør det ikkje leggast til rette for auka båttrafikk på Langvatnet/Måvatnet og Geitøyvatnet. Både lom og ender må reknast som sårbare for ferdsel også i dei andre vatna, som utgjer næringsoppvekstområde. Dette gjeld t.d. dei mest uforstyrra delane av Krokvatnet med holmar og viker og eigna skjulestader. Storlom har i tillegg behov for område der dei samlast i hekketida, truleg ein viktig sosial del av levesettet. Observasjonar tyder på at også Andersvatnet og Bævervatnet, begge relativt uforstyrra, er viktig i så måte. Auka trafikk kan difor vera uheldig. Generelt må ein må sjå til at kommunens forskrift for bruk av motorfartøy på vatn/vassdrag blir handheva skikkeleg.

- **Avbøtande tiltak for lom**

For å hindra at vasstandsreguleringar øydelegg hekkinga, er kunstige hekke-flåtar brukt med hell fleire stader, og bør også utprøvast i magasina på Nordmarka. Dette er ei etterlikning av lomens naturlege reirplass på flytetrov, og hensikten er at flåtane følger vasstanden utan at reir blir oversvømt. Vår forening vil gjerne bidra med tilrettelegging.

BÆVRA med tilløp

Etter vasskraftreguleringa vart det på 1990-talet gjort omfattande inngrep med kanalisering av Bævra. Ein svært sjeldan og i dag truga naturtype med elvekrokar og flaumløp gjekk dermed tapt. Berre ut frå ei biotopyurdering er det opplagt at området i naturtilstand hadde sær rikt biologisk mangfold, inkuldert vasstilknytta fugl. I samband med vilkårsrevisjonen bør ein no nyttja høvet til tiltak for å restaurere vassdragsnaturen i området, for mest muleg å gjenskape naturlege biotopar for fugl o.a. fauna.



Oppstrøms Bævra frå samløpet med Svorka, før kanalisering (foto frå 1967 øverst) og i dagens tilstand (nederst). Kjelde: www.gislink.no og finn.kart.

Minstevassføring i tørrlagte elveleier bør i dag vere sjølvsagt. Svorkas gamle elvafar/juv er i dag eit frodig og vakkert elvelandskap (biotop for strandsnipe, fossekall, gluttsnipe, krikkand m.fl.). Litt meir vatn der ville ha vore bra både for biologisk mangfold og landskapet. I den øvre delen av det gamle elvejuvet er det omrent ikkje vatn i dag, men det blir litt betre etterkvart som det kjem vatn frå eit par bekkjer.

I uttalen har vi ikkje gitt detaljerte opplysningar om hekkande lom, men viser istaden til rapport som våre medlemmar har medvirka til (nyleg levert Statkraft). Både for å studera effekt av nye reguleringsrutinar o.a. mulege tiltak vil vi tilrå at desse undersøkingane blir fulgt opp.

Med helsing Norsk Ornitologisk Forening, lokallaget i Surnadal/Halsa/Rindal

Marita Sæter sign.
(leiar)

* Eriksson, M.O.G., Blomqvist, D., Hake, M. & Johansson, O. (1990) Parental feeding in the Red-throated Diver *Gavia stellata*. – Ibis 132: 1-13. 1990. Ibis 132:1-13

Jackson, D.J. (2003) Between-lake differences in the diet and provisioning behaviour of Black-throated Divers *Gavia arctica* breeding in Scotland. – Ibis 145: 30-44. Ibis 145: 30-44.